



Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

Arkivsakid-doknr: 13/374-66
Journalpostid: 16/2338

Saksh: Anved Johan Tveit
Telefon: 53 67 35 08

Arkivkode
Dato: 22.04.2016

Endringer i framlegg til kommunedelplan for Sysendalen som grunnlag for uttale

Eidfjord kommune viser til høyringsbrev datert 22.12.2015 med vedlegg av planomtale, føresegner, plankart, temakart faresoner og temakart bevaring, og trafikkvurdering. I tillegg vert lagt ved Markedsanalysen med vedlegg frå Eidfjord Resort.

Etter avtale i møte 15.04.2016 vert det i dette brevet peikt på endringar i planforslaget det skal takast omsyn til ved vurdering av tilsendte høyringsdokument. Framgangsmåten og endringane har vore drøfta i planutvalet. Det har ikkje vore tid til å gjera endringar i plankart, føresegner og planomtale, men dette vert gjort i etterkant av Fylkesmannen og Fylkeskommunen si uttale.

Endringar i plankartet:

Framtidig arealføremål Idrettsanlegg er redusert med ca 400 daa aust for Drølstølbekken.

- Dette inneber reduksjon av arealet som ligg innanfor grensa til Nasjonalt villreinområde (sone B) i Regional plan for Hardangervidda 2011-2025, til om lag 450 daa.

Endringar i føresegner:

- Undertekst til pkt. 2 Generelle føresegner
 - o Generelle føresegner gjeld for heile planområdet og føremål så langt dei passar.
- Pkt. 2.5.2; Tillegg:
 - o Tilkomsveg mellom Fet bru og nye hytteområde/alpindestinasjon skal utformast med planfri kryssing av hovudløypene vist i plankartet.
- Pkt. 3.6.3; Endring siste avsnitt:
 - o I tillegg til det overståande skal det for ny alpindestinasjon på Fet (I2) leggjast vekt på utforming av toppstasjon for stolheis tilpassa omjevande i form og volum, slik at fjernverknadar av tiltaket vert redusert.
- Pkt. 4.3.1; Endring 1. setning;
 - o Føremålet omfattar trase for tilkomstveg til nytt alpinanlegg.
- Pkt. 4.5.7; Tillegg:
 - o Det kan etter samråding med SNO vurderast å unnlata å preparere løyper som går inn i viktige trekk- og vinterbeiteområde for villrein.



Hardanger

- Pkt. 6.2.1; Endring:
 - o «i planperioden» vert stroke.
- Pkt. 6.2.2; Klargjering av omgrep;
 - o Storleiken på fritidshus kan vera inntil 45m² bruksareal.
- Pkt. 8.2.2; Endring:
 - o Alpinanlegget som ligg innanfor omsynssona skal ikkje ha drift i perioden etter fyrste helg etter 1. mai – 15. juni. Ved detaljregulering skal det definerast eit areal kring toppstasjoen som er utforma slik at det avgrensar arealet som naturleg er tilgjengeleg kring topp-stasjonen.

Eidfjord kommune bed Fylkesmannen og Hordaland Fylkeskommune leggja desse endringane til grunn saman med tidlegare tilsendt planmateriale for uttale til kommunedelplan for Sysendalen.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Anved Johan Tveit
ordfører

Kopi til arkiv og kopibok